

## Kva med høgspenlinja?

02.04.2009



Høgspenlinja - når blir ho fjerna? (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Leiar Kjetil Hauge i Halsabrotet Vel gratulerer Kvinnherad Energi med sigeren i Hattebergsvassdraget, men spør selskapet: Kva no med høgspenlinja gjennom Uskedalen?**

**Han siktar til at linja framleis ikkje er demontert og overført til jordkabelen som vart lagt ned i samband med opparbeidinga av gang- og sykkelvegen for mange år sidan.**

Hauge skriv dette:

'Vi i Halsabrotet Vel vil gratulera Kvinnherad Energi med Hattebergsvassdraget, men vi synest det er løye at det blir påbegynt nye prosjekt når dykk ikkje er ferdig med andre prosjekt.

Høgspenlinja som går gjennom Halsabrotet, Skårhaug og Korsnes vart lagd i jord for 12 år sidan, men stoppa der. Dette håpar vi blir avslutta'.

Av Ola Matti Mathisen